



Statens vegvesen

ARD AREALPLAN AS
Damsgårdsveien 135

5160 LAKSEVÅG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:
23/164590-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.09.2023

Uttale – Avgrensa varsel om utviding av detaljregulering Lonaneset Bustad – Lonevåg i Osterøy kommune – PLANID: 4630_2016003

Vi viser til brev i frå dykk motteke hos oss 06.09.23 med varsel om endring av omfanget av ovannemnde plan.

Slik vi forstår varselet så gjeld det utviding av reguleringsområde for Lonaneset. Dette er gjort med bakgrunn i at ein ønskjer nok areal for regulering der ein ønskjer å legge til rette for trygg veg for mjuke trafikantar til og frå bustadområdet med Lonevåg sentrum som målpunkt. Det er opplyst at ein ønskjer redusert fartsgrense i Gjerstadvegen, med fortau og innsnevra køyrebane.

Statens vegvesen er kjend med at reguleringsplanen for Lonaneset har pågått over fleire år. Ei av utfordringane med plan har vore trygg ferdsle for mjuke trafikantar. Det er soleis positivt at ein no set ekstra fokus på denne utfordringa. Nær eit sentrumsområde som Lonevåg er det potensiale for mange turar, der gange og sykkel kan nyttast. Turar til og frå skule, arbeidsplassar og barnehage er nokre døme på dette. Dette gjev ein god helseeffekt og er også med på å bidra til lågare miljøbelastning.

Vegsystemet kring Lonaneset er fylkeskommunalt, med Fv 567, Fv 5422 Gjerstadvegen og Fv 5430 Fotlandsvegen. Det er soleis Vestland fylkeskommune som har ansvar for at dette vegnettet fungerer på ein effektiv og trafikksikker måte. Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport og trafikktryggleik.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Samanfatning

Statens vegvesen stiller seg positiv til utviding av planområdet for Lonaneset, med intensjon om å få med nok areal i reguleringsplanen, slik at man kan få etablert eit trygt vegsystem på staden. Vegnormal N100, Sykkelhandboka V122 og Kryssingssteder for gåande V127 vil vere viktige dokument i det vidare reguleringsarbeidet. Dette er ikkje uttømmende og fleire handbøker er å finne på www.vegvesen.no For at vi skal kunne stille oss positive til eit planforslag på offentleg ettersyn må dei trafikale utfordringane vere løyst på ein tilfredsstillande måte.

Transportvest/Transportforvaltning Vest 3

Med helsing

Frode Aarland
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

OSTERØY KOMMUNE, Postboks 1, 5293 LONEVÅG

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN